

Lindås kommune  
Teknisk  
Kvernehusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Stord, den 28. april 2015

**229/6 - Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik**

Akvator AS sender på vegne av Lerøy Vest AS inn 1-trinnssøknad for utlegging av 2 stk. inntaksleidningar til settefiskanlegget i Bjørsvik.

I gjeldande kommuneplan opnar ein for slike tiltak utan at ein treng søkje dispensasjon (jf. §6.2).

Akvator har nabovarsla tiltaket etter liste frå Lindås kommune datert 26.02.2015. Fristen for merknader i saka er no ute og me har ikkje motteke nokon merknader.

I 1-trinnssøknaden er det ikkje angitt PRO for leidningane. IMC Diving AS som er utførande entreprenør har scanna sjøbotn og vil leggja leidningane slik at deira funksjon vert best mogleg. Vedlagt situasjonsplan syner ca. plassering av leidningane. Leidningane vil verta målt inn av IMC Diving AS når dei vert lagt ut.

Akvator har sendt søknad om dette tiltaket direkte til Bergen og Omland havnevesen (BOH) for å spare tid i saka. Vedlagt er mangelbrev frå BOH (vedlegg Q-1). Ein av manglane er at kommunen må gi aksept på at tiltaket er i samsvar med plan. Elles fekk BOH ei skisse der det ikkje var teikna inn g/bnr. Akvator har ikkje svart BOH på mangelsskjema. Me ber difor om ei tilbakemelding om Lindås kommune svare BOH direkte eller om svaret skal gå via oss.

Dersom det er spørsmål til søknaden - venleg ta kontakt med underteikna.

Venleg helsing

Akvator AS  
Nina Skjerping

**Vedlegg**

- 1-trinnssøknad
- C-1 Nabovarsel m kvittering
- D-1 Situasjonsplan
- G-1 Akvator AS - ansvarsrett
- G-2 IMC Diving - ansvarsrett
- G-3 Gjennomføringsplan
- Q-1 Mangelbrev frå BOH